

KYRKJA INFORMERER

Sokneprest em. Svenn Martinsen

Under oppdatering.

PLANAR OM BRYLLAUP?



*Bryllaupet i Kana.(Joh ev.2,1-11) Ikon av Igor Stoyanov.
<http://www.christthesaviour.org>*

“Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si og halda seg til kona si, og dei to skal vera eitt. Og det som Gud har bunde saman, det skal ikkje menneske skilja.”
(Matt.ev.19,4b-6)

De som vitjar vigselsidane mine går kanskje med planar om å feira bryllaup om ikkje så lenge. Det er då ei glede for meg å ønskje dykk velkomne til vigsel. Eg meiner at ekteskap er den einaste rette måten å leva saman på. Ekteskapet gjev tryggleik for ektefellene og for dei born som måtte koma som ei følgje av samlivet.

Eg gler meg saman med dykk og ønskjer å hjelpa dykk til å få ein fin dag som de kan sjå attende på med stor glede og takksemd. Med dette vil eg gje de to som skal gifta dykk ein del informasjon og hjelpe de kan ha nytte av.

Det å planleggja ein slik dag er både spanande og morosamt, men også strevsamt. Lang tid kan gå med til å førebu dagen, men det er noko de vil gjera med glede og forventning.

Ekteskap inngår vi ein gong i livet, og det er difor viktig å få litt kunnskap om kva som kan møte oss som ektefolk, og kva som er viktig å vere merksam på for å skape eit godt ekteskap.

KJÆRLEIK-KVA ER DET?

Kjærleik har vi lett for å knytte til gode og varme kjensler for eit anna menneske. Desse kjenslene høyrer kjærleiken til og høyrer til mellom ektefellene.

Når de no skal gifta dykk kjenner de denne gode varmen og nærliken for den andre. Desse kjenslene skal de ta godt vare på, for dei er gode å ta med i eit godt og langt liv saman.

Kjærleik er ikkje bare desse kjenslene, men er også viljen til samhald, og avgjersla om at eg elskar ektefellen min når dei varme kjenslene er svake eller borte. Eit ekteskap kan ikkje bare byggjast på gode kjensler, for dei skifter etter korleis dagen er.

SAMAN I GODE OG VONDE DAGAR:

Når de giftar dykk skal de lova for Gud og menneske at de skal elskja og æra kvarandre og leva saman til døden skil dykk. Denne lovnaden er viktig å halde levande inn i ekteskapet, for ingen går gjennom livet med bare gode dagar. Det er når dei vonde dagane kjem at kjærleiken og samhaldet verkeleg vert sett på prøve. Alle vil oppdage slike dagar før eller seinare i livet. Når dei kjem er det viktig kva for grunnmur vi har bygd ekteskapet vårt på, og korleis vi løyser dei vanske vi møter.

Vi som har vore gift ei stund har erfart at ekteskapet må ein arbeide med heile tida for at ein skal ha det godt. Eit godt ekteskap kjem ikkje av seg sjølv, men det krev at ektefellene er vakne og villige til å arbeida med seg sjølv for å halde kontakten med, og nærliken til kvarandre.

DÅ SET VI I GANG!

Å gifta seg med kyrkjeleg vigsel gjev ein fin start og eit nytt utblikk på framtida de går i møte. Vi veit at i vår tid fører sosial forventning om store og dyre bryllaup gjerne til at avgjersla vert utsett. Men det fins gode løysingar. Vi vonar at denne nettsida kan inspirere mange av dykk til å ta avgjersla om å gifta dykk, og at de her kan finne hjelp til planlegginga.

*Med venleg helsing
Svenn Martinsen
sokneprest em.*

VIGSEL OG STADFESTING AV/FORBØN FOR EKTESKAP

I Ekteskapsinngåing

1. Etter norsk lov kan ei ekteskapsinngåing skje borgarleg eller kyrkjeleg. Les gjeldande ekteskapslov her: [Lovdata](#)
2. Eit ekteskap blir etter kristen tankegang inngått når ei kvinne og ein mann i nærvære av vitne og Gud gjev kvarandre løfte om at dei vil leve saman i ekteskap – og når vigselsmannen gjer kjent at ekteskapet er offentleg gyldig.
3. Når ein mann og ei kvinne(minst ein av dei må høyre inn under Den norske kyrkja) ønskjer å inngå ekteskap eller ønskjer stadfesting av/forbøn for ekteskap, må dei snarast råd ta kontakt med presten eller kyrkjekontoret, gjere naudsynlege avtalar om tid og stad, og få råd i spørsmål ein lurer på. Eit skjema som kan nyttast ved førebels innmelding til vigsel, finn ein her:

<http://www.stellamaris.no/vinnm.htm>

Det kan vera lurt å ta ein kopi av det utfylte skjemaet før de sender det.

Brudefolk må også ta kontakt med Folkeregisteret i god tid for prøving av ekteskapet, Her er ei lita vugleiring:

<http://www.stellamaris.no/prov.htm>

[Les meir her](#).

Blankettar kan de finna [her](#).

4. Ein kyrkjeleg vigsel og stadfesting av/forbøn for ekteskap i kyrkja er gudstenester med sakralment karakter, med salmesong, lesing og forkynning av Guds Ord om ekteskapet, forbøn for, og velsigning av dei som giftar seg/er vigde borgarleg. Viktig er òg at presten på kyrkja sine vegner gjer kjent at ekteskapet deira er kyrkjeleg gyldig.

5. Når ei kvinne og ein mann er vigde borgarleg ein gong, kan dei i ettertid velje å ha ei kyrkjeleg forbønshandling for ekteskapet, med dei element som er nemnde i pkt. I,4.

6. Vigsel og stadfesting av/forbøn for ekteskap i kyrkja vert førebudd ved at presten etter prøvinga har ei samtale med brudeparet/ekteparet. Her går vi gjennom det praktiske ved vigsla, og liturgien for vigsla, gjer naudsynlege avtalar, og samtalar om kva ekteskapet er ut frå 4 T'ar: Tillit, Truskap, Tilgjeving, Tru¹. Ønskjer de dessutan å "øve", kan dette best skje i tilknytning til ei gudsteneste eller kyrkjeleg handling.

II Generelt om liturgien for vigsel og stadfesting av/forbøn for vigsel.

De finn liturgien her:

<http://www.stellamaris.no/viky.htm>

Presten ser til at tenesta kan gjennomførast på ein god og verdig måte. Alle innslag skal tilpassast at vigselshandlinga er ei gudsteneste og vera i samsvar med det klassiske trusgrunnlaget i Den norske kyrkja, og den apostoliske og almenne kyrkjelege tradisjonen.

Det kan gjevast rom for medverknad av ulike slag. Vi ser gjerne at brudeparet/ ekteparet sjølve kan vere med på utforminga av gudstenesta, t.d. at nokon i bryllaups/ festfølgjet kan medverke i somme av dei liturgiske ledda, og/eller det kan vera tillegg til handlinga i form av song og musikk, o.l., eventuelt kombinert med at det vert tent ljós i ljoscloben. *Salmar og songar må på førehånd godkjennast av den presten som har tenesta, og det musikalske stoffet av kantor.*

Det kan òg opnast for element som understrekar den etniske bakrunnen til brudeparet/ ekteparet. Der den eine parten tilhøyrrer eit anna kyrkjesamfunn enn Den norske kyrkja, kan det opnast for deltaking frå vedkomande kyrkjesamfunn. Innslag som kjem som tillegg til liturgien, kan plasserast etter ledd 10, Forbøn. *Presten skal godkjenne særskilde uttrykksformer og andre tiltak som det er ønske om i tillegg til sjølve liturgien. Det same gjeld opptak av bilet, film eller lyd. I hovudsak gjeld at det kan fotograferast ved inngangs-og utgangsprosesjonane, mens ein må vere tilbakehaldande med fotografering under bøn, preike og salmesang. På kyrkjetrappa etter gudstenesta har de etter måten god tid til fotografering, men ver gild å ta omsyn til at eit evt. neste brudefølgje får koma inn i kyrkja ca. 10 min. før deira oppsette tid. Det er normalt ikkje høve til å fotografera brudeparet med fotograf i kyrkja mellom fleire vigsler. Videofilming med eit einskild kamera kan skje på tilvist plass etter særskild avtale med tenestegjerande prest.*

Pynting og symbolbruk må høve til at vigsel og stadfesting av/forbøn for ekteskap i kyrkja er gudstenester. Ein bør syne måtehald med å bruke ljós, blomar og liknande. I hovudsak sørger kyrkja for pynting av kyrkja med blomar på altaret. Har de spesielle ønske, må desse rettast til kyrkjetenar. For all pynting gjeld at ein må ta omsyn til kyrkjerommet som innvigd rom. Blomar bør i hovudsak vere skorne, og fargane bør tillempast vigsla si kyrkjelege farge,(Kvit)og/eller den aktuelle kyrkjeårstida.

¹ Presten vil koma inn på ekteskapet si sakramentale side, kall, truskap og vilje.

III Spesielt om brudeparet/ekteparet eller andre si deltaking

Generelle moment og råd

Det er lurt at brudeparet i dårleg vær tek med enkelt regntøy/paraply.

Fem minutt før vigsla bør brudeparet vere på plass.

Bruden går/sit på venstre, brudgommen på høgre side av kyrkja. Dei bruker same sida av kyrkja under heile vigsla.

Ved inngangsprosesjonen bør møtet mellom brudgom og komande svigerfar, brudgom og brud vere enklast mogleg.

Bruden sin forlovar kan hjelpe bruden med praktiske oppgåver i våpenhuset før inngangsprosesjonen, deretter når bruden set seg på sin plass, og ved forflytningar seinare.

Presten gjev vegleiing om når brudeparet skal sitje, stå, og knele.

Forlovarane reiser seg under vigsla.

Presten tek familiene på kvar side i handa etter vigsla.

Brudeparet/ekteparet og brudefølget har elles høve til å gje innspel om sine ønskjer ved fleire ledd i liturgien:

Prosesjonane inn og ut av kyrkja


Skal brudeparet/ekteparet gå inn saman, og skal bruden gå inn saman med ein representant for familien? Skal det vere med brudepiker og brudesveinar? Dersom det er ønskjeleg, kan brudeparet(éin av dei eller begge)/ekteparet, forlovarane, representant(ar) for familiene, og presten gå inn i kyrkja i prosesjon. Bruden går på venstre sida i prosesjonen, den som går med henne på høgre sida. Etter gudstenesta er det fint om brudepar/ektepar, forlovarar og familiene går ut i prosesjon. Bruden går då ut på same sida av kyrkja som ho kom inn, brudgomen på motsett side av henne.

Plassering av brudeparet

Det fins fleire ordningar.

Brudepar plar sitja anten med andletet mot altaret eller "90 grader" på dette, bruden på venstre, brudgomen på høgre sida av koret. Forlovarane sit ved første døme "90 grader" på altaret litt bak brudeparet, og ved det andre slik at brudgomen sin forlovar sit ved sida av han og bruden sin forlovar ved sida av henne. Familiene sit framst i kyrkjeskipet, bruden sin familie på venstre, brudgomen sin på høgre.

Plassering i kyrkja



Her kan de sjå korleis brudepar og forlovarar kan sitja i koret, iflg. ei av ordningane over.

Skriftlesningar og salmar

Bibeltekstane kan lesast av medlemmar av bryllupsfølgjet. Eller vil brudeparet helst at presten skal lese? Sjå liturgien:

<http://www.stellamaris.no/viky.htm>

Brudeparet kan vere med på å velja salmane som skal syngjast under vigsla.
Døme på salmar som høver godt:

Norsk Salmebok 202 Lov Jesu Nam
Norsk Salmebok 223 Kjærighet er lysets kilde
Norsk Salmebok 261 O Store Gud vi lover deg
Norsk Salmebok 268/Salme 97 40 Herre Gud ditt dyre navn
Norsk Salmebok 270 Store Gud vi lover deg
Norsk Salmebok 272 Hellig, hellig, hellig
Norsk Salmebok 276 Lovsong skal all heimen kveda
Norsk Salmebok 278 Deg lysets Fader
Norsk Salmebok 300/299 No takka alle Gud med hjarta, munn og hender
Norsk Salmebok 302/301 Lovsyng vår Herre, den mektige konge med ære
Norsk Salmebok 307 Til himlene rekker
Norsk Salmebok 308 Alt står i Guds faderhånd
Norsk Salmebok 311 Himmelske Fader, herleg utan lik.
Norsk Salmebok 387 Ungdommens Frelser

Norsk Salmebok 416 Alltid freidig
Norsk Salmebok 418 Med Jesus vil eg fara
Norsk Salmebok 426 Med Jesus fram i dei beste åra
Norsk Salmebok 490 Blott en dag
Norsk Salmebok 529 Om alle mine lemmer
Norsk Salmebok 586/587 Lovsyng Herren
Norsk Salmebok 596 I dine hender
Norsk Salmebok 599 Herre signe du og råde
Norsk Salmebok 603 Kom la oss kjærlig vandre
Norsk Salmebok 611 Vi syng med takk og glede
Norsk Salmebok 669 Kjærlighet fra Gud
Norsk Salmebok 670 La huset bli bygget
Norsk Salmebok 671 Allmaks Gud og kjærleiks Fader
Norsk Salmebok 672 Gud Fader, du velsigne deim
Norsk Salmebok 673 Kom Jesus vær gjest
Norsk Salmebok 674 Herre over alle slekter
Norsk Salmebok 696 Herre eg hjarteleg
Norsk Salmebok 698 Å leva det er å elskar
Norsk Salmebok 706 Til kjærleik Gud oss skapte
Norsk Salmebok 710 Vi rekker våre hender frem som tomme skåler
Norsk Salmebok 712 Syng ein song av hjartans grunn
Norsk Salmebok 715 Himmelske far du har skapt oss
Norsk Salmebok 716 Gud du er rik
Norsk Salmebok 738 Gud signe Noregs land
Norsk Salmebok 739 Gud signe vårt dyre fedreland
Norsk Salmebok 740 Fagert er landet
Norsk Salmebok 746 Velsignet er det hjem
Norsk Salmebok 750 Eg har ei teneste stor for Gud
Norsk Salmebok 751 Kvardagskristen vil eg vera
Norsk Salmebok 752 Gud lys om heimen vår din fred
Salmer 1997 88 Jeg vil gi deg å Herre min lovsang
Salmer 1997 98 Guds godhet sang i sinnet
Salmer 1997 273 Å Gud, velsigna desse to som står for dine augo
Landstad Rev 844 Det er så yndig å følges ad

Den aktuelle kyrkjeårstida, og kristent arbeid ein har vore med i kan også gje idéar til salmar ein kan tenkja seg å synge, slik som t.d. i juletida Norsk Salmebok 56 Deilig er Jorden, i påsketida Norsk Salmebok 187 Deg være ære, Norsk Salmebok i pinsetida 763 Den blomstertid nu kommer, og- Norsk Salmebok 86 Navnet Jesus, Norsk Salmebok 346 Han tek ikkje glansen av livet, Norsk Salmebok 387 Ungdommens Frelser.

Musikk

Brudeparet kan vere med på å koma med framlegg til musikk som skal nyttast under vigsla. Døme på musikk som høver godt²:

Trad: Brudemarsj frå Fana(samla av Sigmund Skage)
Trad: Brudemarsj frå Lødingen
Trad: Brudemarsj frå Saltdal
Trad: Brudemarsj frå Seljord
Trad: Brudemarsj frå Valsøyfjord
Trad: Brudeslått frå Beiarn
Trad: Brudeslått frå Øre
Trad: Brurmarsj frå Florsen i Burs
Trad: Jämtlandsk Brurmarsj
Trad: Gamal Fäbodpsalm från Dalarna
Arild Andersen: Bryllupsmusikk

² Vi kan også vurdere vestlandsk/skotsk/irsk/keltisk/country/ musikk som kan høve i ein vigsel.

Bach: Preludium i Ess-Dur
Charpentier: Te Deum
Clarke : Trumpet Voluntary / The Prince of Denmark's March
Ferlin/Strand: Men går jag över ängarna
Jan Magne Førde: Bruremarsj
Jan Magne Førde: Seterslått
Gershwin : Summertime
Harmony: Amazing Grace
Ellington : Almighty God
Elgar: Pomp and Circumstance
Mendelsohn-Bartholdy: Tema frå "En midtsommernattsdrøm"
Nordraak : Purpose frå "Maria Stuart".
Purcell : Trumpet Tune
Ugland : Intrada
Wagner: Tema frå "Lohengrin"
Sjå óg
<http://kollandsrud.tk/demo1.htm>
<http://www.royken.kirken.no/index.cfm?id=370202>
<http://www.sjomannskirken.no/tjenester/bryllup-i-utlandet/karusell/hor-brudemarsjer>

Det er mogleg, men ikkje naudsynt, at programmet blir trykt på eit eige ark.

Sjølve vigselshandlinga

Ein kan velje mellom to måtar å gje ekteskapsløfta på. Den eine måten er den tradisjonelle i Den norske kyrkja, at presten stiller to spørsmål til kvar av brudefolka, som dei kvar for seg svarar ja på, før presten proklamerer ekteskapet for Gud og menneske.

Den andre måten er inspirert av anglikansk og katolsk tradisjon, at brudefolka sjølve seier fram ekteskapsløfta ved å ta desse oppatt etter presten: *Eg tek deg NN til ektemake. Eg vil elska og æra deg, og vera trufast hos deg i gode og vonde dagar, til dess døden skil oss åt.* Deretter proklamerer presten ekteskapet for Gud og menneske.

Der namna skal nemnast, kan ein bruka fullt namn eller fornamn, etter som det er naturleg i det einskilde tilfellet. I spørsmåla under ledd 8, Ekteskapsinngåing skal det brukast fullt namn.

Dersom brudeparet vil, kan dei velje å gi kvarandre ringar rett etter vigselshandlinga. Overrekkinga kan skje ved at ringane blir sette på etter at presten har sagt: *Gje no kvarandre ringane, som de skal bera til teikn på løftet om truskap.* Alternativt kan det skje ved at bruda og brudgommen i samband med overrekkinga av ringane sjølve seier fram følgjande etter presten: *NN, eg gjev deg denne ringen som eit teikn på løftet mitt om kjærleik og truskap.*

Ringar er det vanleg at brudgommen sin forlovar har med.

Under forbøna kjem brudeparet fram til altarringen og knelar under forbøna. Her er det mogleg å leggje til ei fritt formulert bøn som til dømes brudeparet sjølve har vore med på å utforme eller velje ut. Her kan dei gi uttrykk for sine voner og tankar for livet som ligg framfor dei.

I søndagsgudstenesta etter tenesta, vil kyrkjelyden be for brudeparet/ ekteparet i Forbøna.

Bryllaupsmesse

Det er óg mogleg å feire vigsel/stadfesting av vigsel som ei messe, det vil seie at det inngår eukaristifering(nattverd) i vigsla. Begge brudefolka må då vere døypt med kristen dåp.

IV Praktiske opplysningar om vigsel

Kvar tek vi kontakt når vi vil gifte oss?

Ta kontakt med prestekontoret/kyrkjekontoret der du bur.

Frå prestekontoret/kyrkjekontoret får de eit innmeldingsskjema som også kan lastast ned her:
<http://www.stellamaris.no/vinnm.htm>

Her kan de koma med Dykkar ønskje når det gjeld dag og tid for vigsel.

Her finn de eit skjema til hjelp ved planlegginga av vigsla:
<http://www.stellamaris.no/vigsskj.htm>

Korleis får vi klarsignal om at vi kan gifte oss med kvarandre?

Det nemnde innmeldingsskjemaet gjeld bare avtalen med kyrkja, då Folkeregisteret no har ansvaret for den juridiske prøvinga av ekteskapsvilkåra³. Brur, brudgom og forlovarar må difor fylle ut og signere kvart sett av dei offentlege skjema og levere dei til Folkeregisteret. På dette grunnlaget blir det utferda *Prøvingsattest* frå folkeregisteret. Denne er gyldig i 4 mnd. og må vere på kyrkjekontoret *seinast 14 dagar før vigsla*.

Tidsbruk

Det kan vera fleire par som vert vigde på same dagen, og då er det viktig at vi held oss innafor dei fastsette tidsrammene. Det er ein time mellom kvar vigsel; til vanleg **kl. 13.00 - 14.00 - 15.00 - 16.00**.

Difor ber vi dykk om å koma presis til kyrkja, og med det meiner vi at gjestene kjem 10-15 minutt før handlinga tek til. Brudeparet og forlovarane kjem 5 minutt før vigselen byrjar. Handlinga tek om lag 35 minutt frå de startar inngangsprosesjonen til de er klare for gratulasjonar på kyrkjetrappa eller i våpenhuset.

Kven vil ha tenesta?

Når soknepresten sjølv er i tenesta ønskjer han å ha dei tenestene som kjem i dei kyrkjene han har ansvar for, slik at han kan nå flest mogleg som prest.

Dersom han "lever og har helsa" den dagen det gjeld vil det difor vera han som er vigselsmann. Men sjølv sagt kan ein annan bringe ei helsing, lese tekst o.l., sjå t.d. pkt. 5 Innsetningsord/Skriftlesing i ordninga for vigsel, jfr. dokumentet på denne peikaren:

<http://www.stellamaris.no/viky.htm>

Det er og høve til personlege innslag etter nærmare avtale med presten.

Kan vi gifte oss i den kyrkja vi vil?

³ **Folkeregisteret har tatt over prestens rolle ved prøving,**
I lange tider har prestane i Den norske kyrkja ordna med papir for folk som skulle gifta seg. Frå 1. oktober 2004 har Folkeregisteret teke over denne oppgåva. Prestane har ikke lenger rett til å prøva om vilkåra er tilstades for ekteskap. Eit klårt varsel om at kyrkjeleg vigsel er på veg ut! Frå no av må difor brudeparet kontakte Folkeregisteret for å få utlevert skjema for prøving av ekteskap. Deretter må dei utfylte skjema innleverast på Folkeregisteret.
Folkeregisteret gjev så ein prøvingsattest til brudefolka. Dei tek så med seg denne til ein vigselsmann. Med dagens sammenslåingar av folkeregister-kontora, vil dette verta dårlegare service overfor folk som ønsker å gifta seg, men det er dette Stortinget har vedteke. Det er difor naturleg å gje det råd at brudefolk bør ta kontakt med Folkeregisteret i god tid før planlagt vigsel, slik at dei er sikre på at papira er ordna i tide. Spørsmål om ny vigselsattest for vigslar før 1. oktober 2004 skal ikkje rettast til Folkeregisteret, men til den vigselsmannen som har utført vigselen.

*Soknepresten i Øygarden, etter idé av
Prost Birger Foseide, Orkdal.*

Dersom de vil gifte dykk i ei anna kyrkje enn i kyrkjene i Øygarden, tek de kontakt med prestekontoret/kyrkjekontoret der de vil gifte dykk. Adresseopplysningar og telefonnummer finn de i telefonkatalogen
<http://www.1890.no> eller på
<http://www.kyrkja.no>.

Høve til å gifte seg der kan vere avgrensa dersom dette er ei populær kyrkje å gifte seg i. De må som regel også betale ei avgift dersom de vel vigsel i ei anna kyrkje enn i den kyrkjelyden de geografisk hører til. Det same gjeld om de bur utanfor Øygarden og vil gifta dykk hjå oss.⁴ Meir opplysningar får de frå kyrkjekontoret.

Dersom de vil gifte dykk i ei sjømannskyrkje i utlandet, kan de få vite meir på [denne lenken](#).

Kan vi gifte oss utanfor kyrkja?

Gudstenesta skal skje i kyrkja eller ein annan gudstenestested som etter avgjerd av biskopen kan brukast til vigsel.

Tanken bak er at kyrkja ønsker å autorisera nokre heilt få plassar der utandørs vigsel kan finna stad. Døme i Bjørgvin bispedøme er Kristkyrkjetomten på Bergenhus, og i vårt prosti Mizpa stemnested (Strusshamn), og kyrkjesteinane på Tyssoy. Dessutan kyrkjeruinane på Lysekloster, Halsnøy, Svanøy og Selja. Fullstendig liste finn du [her](#):

Slik vert det opna for par som veldig gjerne vil gifta seg ute. Samstundes er det ei kraftig presisering av at vigslar skal finna stad der kyrkjelyden kjem saman.

Kva dersom ein av oss eller begge har vore gift før, og ekteskapet er oppløyst av andre grunnar enn ved død?

Då Den norske kyrkja mangler ein kyrkjeleg rett som kan ta avgjersler i slike situasjoner, tek eg ikkje noverande sokneprest slike vigslar, for at alle i denne kategorien skal handsamast likt.

Kva dersom ein av oss er medlem i eit anna trussamfunn eller tilhører ein annan religion?

At ein av brudefolka er medlem i Den norske kyrkja, vil til vanleg vere nok for at vigsel kan skje i kyrkja. Presten har likevel høve til å nekte å vie brudefolka dersom ein av dei ikkje tilhører Den norske kyrkja. Kyrkjeleg vigsel kan ikkje krevjast dersom ingen av brudefolka tilhører Den norske kyrkja. Les liturgien for Ordning for Vigsel og stadfesting av/forbøn for ekteskap på

<http://www.stellamaris.no/viky.htm>

Leige av kyrkja

Andre kristne kyrkjesamfunn som står på den apostoliske truvedkjenninga og som respekterer vår ståstad, kan søke om leige av kyrkja til vigsel når eit brudepar ikkje hører under Den norske kyrkja.

Apostelen Paulus har sagt om ekteskapet:

“Dette er eit stort mysterium.” (Efes.5,32)

Det er sant, og-spanande. Vi trur at her ligg nøkkelen til å få det godt saman.

Navigatørene
<http://www.navigatorene.no>

⁴ Biskopen har fastsett at det kan krevjast betaling for vigsel når begge brudefolka er busett utanfor presten sitt tenestedistrikt. Det same gjeld om de bur utanfor Øygarden og vil ha vigsel hjå oss. (Ikkje i rett opp-og nedstigande line.)

En test på kommunikasjon i ekteskapet

Kommunikasjon.

Kopiér over i tekstbehandler og prøv dere selv!

- 1 Meget god kommunikasjon omkring
- 2 Brukbar kommunikasjon
- 3 Bra kommunikasjon
- 4 Dårlig kommunikasjon
- 5 Ikke noe særlig kommunikasjon

Sett poeng, og se hvor lav poengsum dere får!

Budsjett og økonomi

Planlegging av fremtiden

Bruk av fritiden

Hans arbeid

Hennes arbeid

Oppdragelse av barn

Vårt seksuelle forhold

Ektefellens nære venner eller venninner

Ferier

Ansvar for husarbeid

Kristen tro og forsamlingsarbeid

Innerste følelser

Ansvar for bil, hage, hytte og båt

Annet

Poeng:

Litteratur:

Kristne normer for seksualmoral. Et ord fra kirken. Med forord av bispermøtets preses Johannes Smemo, Land og kirke 1971

Walter Trobisch: I loved a girl/Jeg elsket en pike Harper&Row, London/New York m.fl. 1965/Norsk utg. Nomi, 1969.

Walter Trobisch: I married you/Lykkens Telt Harper&Row, London/New York m.fl. 1969/Norsk utg. Nomi, 1971.

Jean Banyolak/Ingrid Trobisch Better is your love than wine Editions Trobisch, Baden-Baden 1972

Ingrid Trobisch: On our way rejoicing Editions Trobisch, Baden-Baden 1975

Harper&Row, London/New York m.fl. 1975

Ingrid Trobisch: The joy of being a woman-and what a man can do Harper&Row, London/New York m.fl. 1975

Walter Trobisch: Kjærlighetens Mysterium, Credo 1975

Bo Giertz: Tre syn på ekteskapet, Credo 1975

Gordon Johnsen: Det gjelder ditt ekteskap Vårt Lands Forlag 1971

Gordon Johnsen: Samlivets vitaminer : en bok om kjærlighet. Oslo : Vårt Land forlag, 1979

Egil Østebrød/Ole-Magnus Olafsrød: Sammen i kjærlighet, Navigatørene 1989

Johannes Smidt: Konflikter i ekteskapet Land og Kirke 1961

Ivar Ramvi: Kjærlighet og Ekteskap, Nomi 1966


Tim La Haye: How to be happy Though Married Tyndale House 1968
Vibeke Engelstad: En del av hverandres liv Gyldendal 1970
Erich Fromm: The art of loving/Om kjærlighet Dreyer 1971
Anfin J.Skaaheim: Ja til livet Credo 1971
Ja til livet Aksjonshefte 1974
J.B.Donovan: To plasser til Hastings Credo 1977
Ola Garli: Før vigelsen. Språkkurs for par Skrifthuset 1997
Dette bør du vite når du gifter deg Rettsregler i ekteskapet Justisdepartementet

Andre nytige internetsider:
<http://www.ekteskapsdialog.no/>

Dr.Hans Olav Tungesvik hadde for nokre år sidan ein verdifull programserie om samliv på Kystradioen, Bergen som var produsert av Euromedier, no Pe7(Kristen Riksradio). Kontakt Pe7 om du er interessert i denne:

<http://www.p7.no/>

*Etter idé av orkdalsmenighetene.no ,
og Utkast til Vigselsbrosjyrer Bud Prestegjeld, 1990; Fjell Prestegjeld, 1993, 1999.*



**Sokneprest Em.
Svenn Martinsen
Postboks 100, 5331 Rong
Mobil: 950 67890
svennam@hotmail.com**